

Innleiing til mal for forsamlingslov

Ei lov for bedehusforsamlingar skal tena to føremål.

- Den skal definera den vedkjenningsmessige ståstaden til forsamlinga. Alle som tilhøyrrer forsamlinga, eller vil slutta seg til, kan då vita kva forsamlinga står for og få tryggleik for kva dei er med på.
- Lova er til for å førebyggja konflikhtar. I lova er nedfelt korleis forsamlinga skal styrast, og den hindrar dermed usemje om ting som allereie er vedtekne, og den gjev prosedyrar for korleis usemje skal handterast.

Misjonsorganisasjonane har eigne lov-malar for forsamlingar tilknytt seg (sjå deira nettstad).

Denne malen er tilrettelagt for forsamlingar på tvers av organisasjonane. Lov-eksempelet som her er sett opp, må tilpassast utifrå kvar forsamlinga er innmeldt. I dei paragrafane der dette er mest aktuelt er det ført inn ein tekst i kursiv som vil vera aktuell om forsamlinga vert tilknytt både IMF og NLM. Den dekkjer også inn at indremisjonen før forsamlingsdanninga eig verdiane (bedehus/eigedomar) og desse vert overført til forsamlinga når den vert oppretta.

Kommentarar til dei einskilde paragrafane

Det lutherske grunnlaget for bedehusforsamlinga står fast og gjeld i samsvar med dei lutherske misjonsorganisasjonane (§1).

Føremålet definerer profilen på forsamlinga, og her legg vi vekt på at forsamlinga er ei vidareføring av vår åndelege arv og lekmannstradisjon på bedehuset (§2).

Når det gjeld medlemskap, er det lagt til rette for at personar som ikkje heilt kan vedkjenna seg til forsamlinga sin formelle ståstad (t.d. det lutherske), likevel kan tilhøyra forsamlinga gjennom eit assosiert medlemskap med reduserte rettar (§4).

Lova spesifiserer hyrderådet sin status og funksjon (§8). Hyrderådet vert velt direkte av årsmøtet (2 av 3 rep.) for å gi legitimitet, men er elles underordna styret som er øvste myndigheit mellom årsmøta. Dette gjev ryddige styringsforhold. Viss der oppstår dissens mellom hyrderåd og styre, må dette løysast ved å kalla på overordna tilsynsmyndigheit.

Det at formannen automatisk er med i hyrderådet er innført for å førebyggja at styre og hyrderåd arbeider i utakt, eller driv unødvendig dobbeltarbeid, og dette har vist seg svært nyttig der denne praksisen er utprøvd.

Svært små forsamlingar som ikkje har ressursar til fullt ut å bemanna styre og hyrderåd slik det her er lagt opp til, kan evt. tilpassa lov-malen til eigen røyndom utan å korta ned på basisinnhaldet.

Bedehusforsamlingar 04.06.2016

